

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 BERGEN

Sakshandsamar: Ina Giil Solheim
Telefon: 91888890
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 15/8026
Dykkar referanse:
Vår dato: 21.08.2015
Dykkar dato: 10.06.2015

Att: Endre Korsøen

BLOM FISKEOPPDRETT AS 840215512 - SØKNAD OM GODKJENNING AV ENDRING AV AREALBRUK VED LOKALITET 10086 REKEVIKI I LINDÅS KOMMUNE - UTTALE

Vi viser til brev av 10.06.2015 frå Hordaland Fylkeskommune og søknad om utviding av areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune.

Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensiale knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til areal og det marine miljøet.

Fiskeridirektoratet region vest kan ikkje sjå at utskifting av eksisterande anlegg med eit nytt anlegg med større areal ved lokalitet 10086 Rekeviki vil medføre auka konfliktpotensial med fiske og vi har såleis ingen merknadar til søknaden.

Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS søker om å få klarert areal for utlegging av eit anlegg med ei rammefortøyning som er 300 meter langt og 100 meter breidt. Samla overflateareal for merdanlegget vil vere 30 dekar, og anlegget vil bestå av 3 merdar. Større ramme og dreining av anlegget vil føre til at det også vert endringar i fortøyningsarrangementet. Verksemda søker ikkje om endring i MTB i anlegget, og produksjonskapasiteten vil framleis vere 1560 tonn.

Vurdering av konfliktpotensial

Fiske

Fiskeridirektoratet har registrert gytefelt for torsk, samt gyteområde for lange, fiskeplass for lange og låsettingsplass i nærområdet. Fiskeridirektoratet ser det som viktig at fiskeriinteressene ikkje vert berørt ved utlegging av installasjonar. Slik anlegget er planlagt utlagt, ser det ikkje ut som at konfliktpotensialet er stort.

Marint miljø

Blom Fiskeoppdrett AS skriv i søknaden at anlegget har ein uheldig plassering i høve til borttransport av avfallsstoffer. Det ligg langs land og ein får ikkje ein god gjennomstrøyming av vatn gjennom nøtene. Ved å flytte anlegget til omsøkt plassering vil ein få betre gjennomstrøyming i merdane og betre borttransport av avfallsstoffer. Dei meiner òg at med den omsøkte plasseringa og med eit godt fôringsregime vil ein få tilfredsstillande miljøforhold under og ved lokaliteten.

Resultat frå miljøundersøkingane som har vore utført har vist ei stabil utvikling. Dei to siste rapportane (2013 og 2014) konkluderte med tilstandsklasse 2, god, på lokaliteten. Etter vår meining, vil auke i areal utan auke i biomasse verke positivt for det marine miljøet.

Med helsing

Hanne Marie Utvær
fung. seksjonssjef

Ina Giil Solheim
inspektør

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
-------------------------	---------------	------	--------

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL
Lindås Kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN